

Sund sokneråd  
Kyrkjekontoret i Øygarden fellesråd  
Tyttebærbrekko 2

5353 STRAUME

Klokkearvik, 15.03.2023

DEN NORSKE KYRKJE, Kirkerådet  
Postboks 799 Sentrum  
0106 OSLO

## Adgang til å vektlegge samlivsform

Kyrkerådet har sendte forslag om «adgangen til å vektlegge samlivsform ved tilsetting i Den norske kyrkje» på høyring.

Alle som ynskjer det, kan senda høyringsuttale. Høyringsuttalar bes sendast til Kyrkerådet sitt postmottak på [post.kirkeradet@kirken.no](mailto:post.kirkeradet@kirken.no). Frist for å sende inn høyringssvar er 15. mars 2023.

Sund sokneråd tok opp denne saka i soknerådsmøte 15. mars 2023 og vart samd om å senda denne høyringsuttalen.

### Høyringsuttale:

I Kyrkerådet sitt høyringsutkast, slår Kyrkerådet fast at slik praksis som vi har i dag er lovleg etter nasjonale og internasjonale reglar.

Innhenting av opplysningar om samlivsform er, sitat: «tillatt, hvis virksomheten har som formål å fremme bestemte livssyn eller religiøse syn»

Kyrkerådet, sitat: «legger til grunn at denne saken ikke har læremessig karakter» og erkjenner «at det eksisterer to teologisk legitime syn i det underliggende lærespørsmålet».


Ved å gå inn for endring som er beskrevet i høyringsnotatet, vil det bli vanskeleg, for ikkje å sei umogeleg å forvalta kyrkja si tradisjonelle lære om ekteskap og samliv.

Tilsette er andeleg hyrdar for mange i kyrkjelyden. Det blir då umogeleg å sjå at saka ikkje har læremessig karakter. Det er utgangspunktet for vår vurdering.

Vår vurdering er at dagens ordning ikkje kan endrast slik som det er beskrevet i høyringsnotatet.

Vi vonar dei lokale kyrkjelydane kan styrkjast ved blant anna at, den lokale kyrkjelyden får større medverknad på tilsetjing av prest, det framleis kan vera opning for å forvalta det tradisjonelle synet på ekteskap og samliv i kyrkja.

Sund sokneråd



Bente Åse  
Soknerådsleiar



Fredrik Mortensen